

## Rådets rapport pr. juni 2009 - Arbeidsprogram 2008 -2009.

### ***VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION***

*Kommunane i Vest-Telemark er kommunar med særpreg, høg kulturprofil og målretta samhandling. Regionen er attraktiv for busetjing, næringsetablering og framvekst av kompetansmiljø. Livet i Vest-Telemark er prega av fokus på løysingar og positive vinklingar.*

#### **Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark**

##### **Tiltak:**

- Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknytning til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
- Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane
- Kartlegging av viktige lokaliseringsfaktorer for potensielle tilflyttarar
- Vidareføre småbruksprosjektet
- Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
- Fylgje opp dei aktuelle tiltaka i næringsplanen og landbruksrapporten

#### **Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet**

##### **Tiltak:**

- Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
- Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon
- Drive aktiv marknadsføring av regionen
- Drive alliansebygging/lobbyverksemd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane

#### **Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemdar i Vest-Telemark med grunnlag i distriktets særpreg og lokale ressursar.**

##### **Tiltak:**

- Fylgje opp dei aktuelle tiltaka i næringsplanen og landbruksrapporten
- Sikre tilgang på eigenkapital
- Stimulere til samordning av marknadsføring av reiselivet i regionen
- Marknadsføre føremonane i regionen
- Leggje til rette for lokal foredling og småskalaproduksjon
- Leggje til rette for etablering av kompetanseverksemdar og nettverk
- Styrke samarbeidet mellom regionalt og lokalt næringsapparat.

#### **Mål 4 E 134 og Riksveg 36 held fram som det viktigaste hovudsambandet mellom aust og vest. Utvikle potensialet i Telemarksvegen (riksveg 41), som viktig korridor mot sør og kontinentet. Etablere ny infrastruktur for kommunikasjon.**

##### **Tiltak:**

- Samarbeid med Haukeligvegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar
- Arbeide mot sentrale styresmakter, spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og vurdere bruken av ressursar
- Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt
- Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar
- Sikre full utbygging av breiband i regionen
- Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett
- Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell

## Rapport:

### ***Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark.***

#### **Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknytning til distriktet, og stimulere til entreprenørskap.**

##### Entreprenørskapsprosjektet.

*Elisabeth Lid sitt engasjement som lokal prosjektleiar vart avslutta 31. desember 2008 og ansvaret for det vidare arbeidet ligg no til den enkelte kommune.*

*Bakgrunnen for satsinga har vore ynskjet om å skape ein kultur for innovasjon og entreprenørskap, der dei unge ser moglegheiter, viser pågangsmot og utviklar grunderkompetanse gjennom ulike tiltak i og utanfor skulen.*

*På fylkesplan er Ungt Entreprenørskap Telemark engasjert i ein 3-årsperiode som Telemark sin operatør innafor satsinga på entreprenørskap i utdanninga. Kommunar, regionar, organisasjonar og privat sektor er invitert til å delta i denne satsinga.*

#### **Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane.**

##### Vest-Telemark Vidaregåande Skule.

*Skulen tilbyr vidaregåande utdanning innan almenfag, helse- og sosialfag og teknikk og industriell produksjon. Ein har for tida 170 elevar innan desse faga og det er 48 personar tilsett ved skulen.*

*Vest-Telemark Vidaregåande skule har også førarkortopplæring på skulen der dei 2 lokale køyreskulane er involvert. Skulen er tillagt regionansvaret for opplæring på snøskuter og har regionavtale med Statkraft om etterutdanning innafor dette feltet. Skulen har ei tid hatt opplegg for undervisning av innsette ved soningsleiren i Fyresdal.*

*I tillegg organiserer Vest-Telemark Ressurscenter eit vaksenutdanningstilbod der ein no har 20 elevar. Dette er eit samarbeid mellom skulen, fylkesmannen, fylkeskommunen, NAV og dei enkelte kommunane.*

*Skulen har også eit tilbod til vaksne om utdanning som helsefagarbeidar eller som barne- og ungdomsarbeidar over 2 år. Utdanningsopplegget er fleksibelt og dekkjer fleire utdanningar. Vidare finst det eit nytt opplegg gjeldande norskopplæring for folk i arbeid der 8 ulike nasjonalitetar er representert.*

*Det er også sett i gang eit nytt opplegg på kveldstid med tanke på å opparbeide studiekompetanse over 2 år. Spesielt for dette opplegget er at deltakarane kan starte når som helst i skuleåret og få nemnde kompetanse etter 2 år frå oppstartdato.*

*Ressurscenteret administrerer også eit nasjonalt energinettverk for grunnskular og vidaregåande skular, satsinga på undervisning i polar-året samt eit kompetansesenter for fornybar energi. I tillegg står ressurscenteret som arrangør av Vest-Telemarkkonferansen. Ein samarbeider med Bygdelivsmeklaren (Vest-Telemark Næringsutvikling) og Rekrutteringsprosjektet (Vest-Telemark Næringsforum) med tanke på å utvide yrkesmessa til jobbmesse.*

##### Bø Vidaregåande Skule, avd Seljord.

*Skulen har for tida 94 elevar og tilbyr vidaregåande utdanning innan restaurant- og matfag og medie- og kommunikasjonsfag. Skulen har også eit tilbod innan opplæring i mindre grupper (OIMG). For komande skuleår vert i tillegg vg3 påbygging til generell studiekompetanse flytta frå Bø til Seljord.*

Fyresdal vidaregåande Steinerskule.

Skulen vart starta opp i 2003 og har i dag line for naturbruk med fokus på natur, kultur og økologisk landbruk samt line for bygg og anlegg med vekt på økologisk byggeteknikk. Desse linene har i alt 15 elevar. Ein har i tillegg eit 2-årig masterstudium med 40 studentar. Skulen har også godkjenning for studium i almenfag, men dette er så langt ikkje starta opp. Det vert arbeidd med å omorganisere skulen som stifting og ein ynskjer ei utvikling i retning utdanningssenter.

Kvitsund Gymnas

Kvitsund Gymnas har inneverande år 190 elevar og tilbyr utdanningsprogrammet for studiespesialisering (tidl.almenfag). Det er svært mange elevar som søker seg til Kvitsund Gymnas og det har i seinare år vore ein betydeleg byggeaktivitet ved skulen

Høgskolen i Telemark, avd. Rauland.

Avdelingen har til ei kvar tid om lag 100 studentar. Ein tilbyr både årsstudium og fordjupning innanfor faga folkekunst, tre, metall, tekstil og folkemusikk. I tillegg tilbyr ein deltidsstudium i tradisjonsmat, deltidsstudium i kreativ maskinstriking samt masterstudium i tradisjonskunst.

Seljord Folkehøgskole

Skulen har for tida 73 elevar fordelt på fylgjande 7 liner: Friluftsliv, Multisport, Musikk, Musikal, Singasongwriter, Tekstildesign og Biletkunst. Elevane kjem frå ulike kantar av landet.

Attføringstilboda i regionen.**Seljord Personal AS:**

Stifta i 2001 og fullt ut eigd av Seljord kommune. Har APS og AB-plassar. Leverer tenester til næringslivet og offentleg sektor. Hovudomsetninga er mot NAV.

**Vi TO Kompetanse AS:**

Etablert i 2003. Tokke kommune eig 70% av aksjane medan Vinje kommune eig 30%. Utvikla seg frå å vera ein såpeprodusent til ein attføringsbedrift med breidt tilbod. 60% av inntektene kjem frå NAV medan 40% kjem frå produksjon. Verksemda har 10 APS plassar, 3 AB-plassar og 3 "fase 3" plassar. Har og tilbod om plassar direkte til kommunen. Har planar om nybygg på Dalen.

**Telemark Lys AS:**

Etablert i 1993 og hadde sitt utspring i Seljord Lys. Er 100 % eigd av Fyresdal kommune. Har ein produksjon av pulkar som syner ein positiv utvikling. Produserer og kakeformer i plast. Produksjonen utgjer om lag 50% av omsetnaden og 50% frå NAV. Har 5 "fase 3" plassar. Usikkerhet rundt AB og APS-plassane. Helseprosjektet er det viktigaste prosjektet reint økonomisk. Her er det permanent inne 10 personar. Har eit dysleksiprojekt og har hatt ansvar for flyktningmottaket i Fyresdal.

**Vinje Vekst AS:**

Etablert i 1994. Verksemda er 80 % eigd av Vinje kommune og 20 % eigd av Tokke. Omset for om lag 5 mill der 3 mill kjem frå NAV og 2 mill frå eigen produksjon. Verksemda har berre VTA plassar. Har samarbeid med Vi TO kompetanse.

**Kviteseid Arbeidssamvirke AS:**

Etablert i 1992. Kviteseid kommune eig det alt vesentlege av aksjane, men Nissedal kommune og private har ein liten andel. 28 brukarar totalt. Har 5 VTA plassar i Nissedal og sel VTA plassar til Kviteseid og Seljord kommunar. Var i utgangspunktet ein VTA bedrift med fokus på produksjon. Har lakkering i Nissedal og treproduksjon i Kviteseid. Har og ein bruktbuikk i Kviteseid. Verksemda eig sjølv bygga der dei driv.

Dei 5 attføringsbedriftene er no inne i ein prosess med tanke på vidare framtidig samarbeid.

### **Kartlegging av viktige lokaliseringsfaktorer for potensielle tilflyttarar.**

*Prosjektet "Vi snur vinden – fleire folk til Vest-Telemark" er meir eit handlingsprosjekt enn eit reint kartleggingsprosjekt og inneber aktiv marknadsføring og oppfølging av moglege tilflyttarar.*

*Vest-Telemark Næringsutvikling har frå 1. april 2007 engasjert Emilie Asplin som prosjektleiar i full stilling over ein 3-årsperiode for å få auka tilflytting til regionen.*

*Prosjektet er i rute i høve til prosjektplanen. Prosjektleiar har skaffa seg eit stort nettverk i regionen og det er gjennomført omfattande intern profilering. Det er så langt arrangert Vest-Telemarktreff på Smuget i Oslo 2 gonger, siste gongen i mai inneverande år. Arrangementa har hatt god oppslutning.*

*I desember 2008 vart det arrangert juletreff i Oslo med spesiell fokus på småbornfamiljar. Prosjektet har til no retta seg mot om lag 500 personar/familjar og har ei portefølje på 80 personar/familjar.*

### **Småbruksprosjektet.**

*Marknadsføringa av småbruk til leige og sal skjer gjennom småbrukssidene på Vest-Telemarkportalen, og det er bygdelivsmeklaren som no står for denne tenesten.*

### **Stimulere til rekruttering av arbeidskraft.**

*Rekrutteringsprosjektet i regi av strategisk næringsplan har gjennomført 2 av 3 prosjektår. Prosjektet blir leia av Vest-Telemark Næringsforum. Hovudmålet med prosjektet er å fremje Vest-Telemark som ein bu- og arbeidsmarknadsregion. Tiltaket er iverksett med utgangspunkt i at mange verksemder og kommunar har hatt problem med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft. NAV har ei nøkkelrolle i prosjektet. Det er etablert faste møtepunkt med marknadsnettverket i til NAV i Vest-Telemark, der ein 6-8 gonger årleg i prosjektperioden går gjennom arbeidskraftbehovet til 50-60 nøkkelverksemder i regionen. I tillegg har alle registrerte verksemder fått brev om prosjektet med tilbod om bistand, og vil få dette på nytt i 2009.*

*I tillegg til konkret arbeid med rekruttering av arbeidskraft til kommunar og verksemder, har prosjektet koordinert to marknadsføringskampanjer for ein felles jobbmarknad i Vest-Telemark. I desse vart både offentlege og private jobbar frå heile regionen gjort synlege.*

*For ytterlegare synleggjering av arbeidsmarknaden i regionen er det etablert eit samarbeid med Yrkesmessa på Vest-Telemark Vidaregåande skule. Ei utvida jobb- og yrkesmesse vart arrangert 5. februar, og ein er einige om å halde fram med samarbeidet også i 2010.*

*I samarbeid med Bygdelivsmeklaren har prosjektet også vore arrangør av Vest-Telemark treff i Oslo, som vart arrangert 7. mai 09. Fokus her var moglegheit for jobb i regionen. Ei rekkje kommunar og verksemder synte fram sine moglegheit på stands. Dette, saman med eit innhaldsrikt sceneprogram, danna grunnlaget for ei offensiv marknadsføring av regionens arbeidsmarknad for potensielle heimflyttarar.*

*Det er også lagt til rette for utanlands jobbrekruttering gjennom NAV Eures systemet.*

*Konkret representerte prosjektet ca 10 verksemder og kommunar i eit rekrutteringsframstøyt på Island i slutten av februar 2009. Ein fekk fin lærdom kring utanlands rekruttering, og ei av verksemdene som deltok fekk tilsett arbeidskraft på staden. Det er lagt opp til ny runde mot Sverige med tanke på rekruttering til offentlig sektor. Tiltaket kjem på bakgrunn av ei behovsanalyse som vart gjort i samband med at prosjektet vitja administrasjon og politisk leiing i alle Vest-Telemark kommunane i januar/februar 2009.*

Generelt har behovet for arbeidskraft i Vest-Telemark endra seg som resultat av finanskrisa. Det er ikkje lenger eit generelt problem med mangel på arbeidskraft, men mange verksemder og kommunar manglar framleis nøkkelkompetanse. Prosjektet vil rette innsatsen mot desse i resten av prosjektperioden, og arbeide saman med bygdelivsmeklaren for å få fram Vest-Telemark som ein bu- og arbeidsmarknadsregion.

### **Fylgje opp dei aktuelle tiltaka i næringsplanen.**

Prosjektet "Framtidsretta utvikling i landbruket i Vest-Telemark" er no avslutta og det ligg føre sluttrapport for dette. Av rapporten går det mellom anna fram at satsing på landbruk er ein viktig del av det å utvikle regionen som felles bu-, arbeids- og opplevingsplass, og at næringsutvikling på garden vil vera ein viktig strategi for å ivareta Vest-Telemark og Telemark sin identitet.

### **Informasjon om Vest-Telemark som den gode plass for busetting, arbeid og opplevingar.**

*Ole Dalen i Vest-Telemark Næringsutvikling er leiari for prosjektet.*

*Hovudmålet er å styrke omdømet for Vest-Telemark som den gode plass for busetting, arbeid og opplevingar. Prosjektet har effektmål som inneber:*

- *auka kjennskap til Vest-Telemark som region*
- *auka attraktivitet ved å stå fram som felles bu- og arbeidsregion*
- *kommuneleinga står fram med optimisme og begeistring*
- *auka begeistring for regionen*

*Prosjektleiari har hatt eit nært samarbeid i høve til prosjekta "vi snur vinden", reiselivsprosjektet og rekrutteringsprosjektet (dei to siste er ein del av strategisk næringsplan). For å få ei god utnytting av ressursane har prosjektet køyrt ei forprosjektfase som vert avslutta 1. juni i år. Ein del av arbeidet har vore å skape ein felles visuell identitet som alle kommunane kan samle seg rundt. Rapport frå forprosjektet vil være klar i medio juni, og mykje tyder på at hovudprosjektet vil verta meir spissa mot merkevarebygging og samla profilering av Vest-Telemark.*

### **Bedriftsstyre med kompetanse og aktivitet**

*Prosjektet starta opp hausten 2007. Det er til no arrangert to kursrundar i styrekompetanse med til saman 45 deltakarar frå både privat og offentleg sektor. Det vil bli arrangert ein runde til hausten 2009. Det er utarbeidd systematikk for ein styrekandidatbase for Vest-Telemark som både private og offentlege verksemder kan nytte i sitt rekrutteringsarbeid. Basen vil i fyrste omgang leggest ut som ein del av heimesidene til Vest-Telemark Næringsforum, med mogleg linking til andre heimesider. Det er naturleg å sjå ein framtidig base under eitt, i ei samla web-løysing for regionen.*

*Vest-Telemark Næringsforum er ansvarleg for gjennomføring av prosjektet.*

## **Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet**

### **Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling.**

*Vest-Telemarkkonferansen er ein samlingsplass for politikarar, privat næringsliv, offentleg tilsette og organisasjonar og har vore eit årvisst innslag dei 6 siste åra. Tema til no har vore: "Regionalt samarbeid eller kommunesamanslåing", "Regional næringsutvikling", "Ny energi til Vest-Telemark", "Vest-Telemark som merkevare", "Kor skal byen ligge?" og no i 2009: "Er skulen i Vest-Telemark konkurransedyktig?"*

*Landskonferansen for regionråd er ein årleg møtestad for politikarar og administrasjon i kommunar, regionråd, fylkeskommunar, interkommunale selskap/samarbeidsorgan, fylkesmenn, KS og departement. Vest-Telemarkrådet skal stå som arrangør av komande konferanse og denne skal finne stad i Vrådal 24. – 25. august 2009. Tema denne gongen er mellom anna kommunestruktur, arealforvaltning og regionråda si rolle.*

*Sogelandet vart etablert i 2005 og er namnet på ei rekkje kulturarrangement i kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje. Det er løyvd midlar til prosjektet frå Telemark fylkeskommune og frå Fellesfondet over ein periode på 3 år. Sogelandet er frå 2008 organisert som eit samvirke og det er tilsett dagleg leiar. Det er utarbeidd intensjonsavtale mellom Sogelandet SA, Telemark fylkeskommune og kommunane i Vest-Telemark, Tinn og Hjartdal. Avtala set som føresetnad at Sogelandet får status som nasjonal knutepunktdestinasjon og krev at Staten bidreg med 1,5 mill kroner årleg medan Telemark fylkeskommune og nemnde kommunar går inn med kvar sine 500 000 kroner pr år. Det vert arbeidd med å vidareutvikle Sogelandet som samarbeidsorgan ikkje berre på framføring av spel men også i andre samanhengar.*

*SkiTelemarkklatret bidreg til å rekruttere unge skiløyparar og til å profilere regionen gjennom telemarkskisporten. Sekretariatet er plassert på Norsk Skieventyr i Morgedal. SkiTelemarkklatret har vore initiativtakar og medspelar i samband med World Cup i telemarkskøyning på Rjukan frå 2004 og fram til i dag. Vidare vert det arrangert årvisse skidagar i Morgedal for skulane i regionen. Ein legg frå i år opp til å arrangere ein konferanse, "Telemarknedslaget", som er tenkt å vera eit årleg nærings- utdannings- og kulturforum der politikarar, næringsinteresser, utøvarar/arrangørar av telemarkskisporten og samarbeidspartnarar elles set Telemarkskisporten og namnet Telemark i fokus.*

*Morgedalsprosjektet, pilgrimstaden for skihistorie nyttar merkenamnet Morgedal for å skape grunnlag for ny næringsverksemd i regionen. Ein har snart 2,5 år bak seg innan kulturbasert næringsutvikling med basis i Morgedals historie, og søker om å forlengje prosjektet eitt år. Ein tek sikte på å kvalifisere seg som kandidat til større nasjonale midlar, og ynskjer å gjera Morgedal til "det mest attraktive reisemål i verda for den skiinteresserte pilgrimsturisten". I tillegg til Rjukan og Bjorli er Morgedal no inne som ein del av Worldcup- opplegget med innlagte arrangement.*

*Det er også utvikla eit vinterarrangement, Morgedalsleikane, som er tenkt halde årleg. Arrangementet vil ha fokus på telemarkskisporten og vil såleis bli ein arena for kultur og identitet.*

**Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon.**

*Vest-Telemarkrådet er regionråd for kommunane: Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.*

*Regionrådet er eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan og skal løyse felles spørsmål og oppgåver for dei deltakande kommunane. Tinget er det øvste organet og er samansett av ordførar, varaordførar, eitt anna kommunestyremedlem og rådmannen i dei deltakande kommunane. Ordførarane i kommunane utgjer Rådet og står for den daglege drifta i lag med sekretariatet. Etter vedtak i kommunestyret har Hjartdal meldt seg inn i Kongsbergregionen og går ut av Vest-Telemarkrådet med verknad frå 5. august 2009.*

*Fellesfondet har gjennom mange år vore felles organ for kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje. Oppgåva til fondet har vore å forvalte delar av dei årlege konsesjonskraftmidlane frå utbyggingane i dei 8 kommunane.*

*Fellesfondet har såleis grunnfinansiert Vest-Telemark samarbeidet pluss Tinn. Midlane har vore nytta til å delfinansiere interkommunale samarbeidsordningar, og private investeringsprosjekt med klar interesse for fleire kommunar.*

*I samband med fornying av konsesjonskraftavtalene vil Fellesfondet opphøre 1. januar 2011 og seinare konsesjonskraftinntekter vil bli overført Telemark Utviklingsfond og ha heile Telemark som verkeområde.*

*Vest-Telemark Næringsutvikling AS (VTNU) har kontor i Kviteseid, og har som føremål å styrke og vidareutvikle næringslivet i Vest-Telemark. Dette skal skje ved å yte bedriftsrådgjevingstenester, ta initiativ til og gjennomføre bedriftsretta prosjekt, regionale utviklingsprosjekt og oppgåver av næringspolitisk karakter. Samarbeidsprosjekt på tvers av kommunegrensene skal prioriterast. Som regionalt utviklingsselskap vil ein ha eit særleg ansvar for å fremja regionen sine interesser. Dette gjeld på det næringspolitiske området, men og med tanke på å gje næringslivet best moglege rammevilkår å arbeide under. Selskapet har i dag 8 tilsette.*

*Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) med kontor i Kviteseid, som har som føremål, i samråd med andre aktørar, å styrke og vidareutvikle næringslivet i Vest-Telemark, Drangedal og Hjartdal. Dette skal skje ved å ta del i ulike typer næringsbygg, selskap og verksemder. Viktig fokus er å legge til rette for næringsetablering gjennom å tilby rimelege og attraktive utleigebygg. Selskapet eig i dag 10 bygg i 5 kommunar.*

*Gab- og kartsamarbeidet inneber at det lovpålagte vedlikehaldet av GAB-data no skjer regelmessig via felles server. GAB-registra blir no avløyst av den såkalla matrikkelen som også er ei felles løysing. Samarbeidet er på mange måtar eit utviklingsprosjekt der nytten kjem gradvis og over tid. Kartløysinga er også integrert i sak/arkiv prosjektet og kan nyttast av publikum i samband med elektroniske byggesøknader. Kartløysinga er elles ei generell løysing i fyrste rekke for at publikum (innbyggjarar og hyttefolk) kan ha tilgang til detaljerte, lokale kart.*

*Samarbeidet går nå inn i ei ny fase med vekt på god integrasjon og dataflyt mellom dei ulike systema i kommunen, noko som gjer det mulig med sikrere og meir effektivt arbeid både for eigne tilsette og andre som er brukarar av kartdata. I samarbeid mellom anna med Statens Kartverk skal alle reguleringsplanar digitaliserast og gjerast tilgjengelege.*

*Sak- arkiv prosjektet inneber eit sentralisert postmottak i kvar kommune og elektronisk dokumentflyt i sakshandsaminga. Sak/arkiv er i drift og ei stor og krevande opplæring er fullført. Bruk av elektroniske skjema har vore ein del av prosjektet. Prosjektet er no fullført.*

*Profil. Nytt IT-system for pleie/omsorg er teke delvis i bruk i alle 6 Vest-Telemarkkommunane i dag. Eit omfattande opplæringsprogram er sett i verk innan sjukeheimar og heimetenestene. I vidare arbeid har styringsgruppa no prioritert innføring av ny teknologi i heimesjukepleia, med bruk av små datamaskinar for kommunikasjon og dataregistrering (såkalla PDA-ar).*

*Turnusplanlegging er eit nytt samarbeidsprosjekt for 6 kommunar. Målet er betre oversikt og god ressursutnytting. I fyrste omgang blir systemet teke i bruk innafor pleie/omsorg, men systemet kan også nyttast innafor andre område i kommunane der ein har vaktordningar. Prosjektet er i hovudsak ferdig gjennomført innafor pleie/omsorg. Vidare plan er å bruke systemet aktivt i budsjettprosessen i kommunane (sikrere grunnlagsdata) og å introdusere systemet og bruken i forhold til andre områder i kommunane enn pleie/omsorg. Dette blir då i samarbeid med rådmennene.*

### **Drive aktiv marknadsføring av regionen**

*Vest-Telemarkportalen er namnet på felles nettportal for kommunane: Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.*

*Nettadressa er [www.Vest-Telemark.no](http://www.Vest-Telemark.no). Her finn ein til ei kvar tid oppdatert kulturkalender, ledige stillingar, oversikt over ledige småbruk og nyhetsoppslag frå regionen. Det er tilknytt nyttige linkar om næringsutvikling, innovasjon Norge, vidaregåande skular, media, kollektive transportmiddel osv.*

*Kvar enkelt kommune har direkte tilknytning til portalen med sine heimesider der ein finn god og nyttig informasjon.*

### **Drive alliansebygging/lobbyverksemd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane**

*Dette er eit omfattande "fagområde" der det til ei kvar tid foregår dialog på dei ulike politiske og administrative nivå. Ein har i regionen både formell og uformell kontakt med stortings- og fylkestingspolitikarar, med administrative leiarar og med representantar frå ulike organisasjonar og fagområde.*

*Kommunane og kommuneregionane er høyringsinstansar innafor mange ulike område og kjem kvart år med uttaler til ulike endringsforslag innafor den offentlege forvaltninga. Vest-Telemarkrådet har styrka sin posisjon som felles talerøyr for regionen, og har også samarbeid med andre regionar.*

### **Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark med grunnlag i distriktets særpreg og lokale ressursar.**

#### **Sikre tilgang på egenkapital**

*Oppretting av eit såkornfond for regionen var oppe til drøfting i Vest-Telemarkrådet. Ei arbeidsgruppe arbeidde med saken og det vart laga eit utgreiingsdokument og ein forretningsplan som grunnlag for vidare politisk arbeid. Det vart likevel frå sentralt hald sagt nei til å yte statlege midlar til eit slikt fond og arbeidet vart såleis lagt till sides..*

#### **Stimulere til samordning av marknadsføring av reiselivet i regionen**

*Felles turistbrosjyre for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje er gjeve ut årleg dei seinare åra. God informasjon om Vest-Telemark bidreg til at turistane oppheld seg lenger i regionen og deltek i ulike aktivitetar på tvers av kommunegrensene.*

#### **Leggje til rette for etablering av kompetanseverksemder og nettverk**

*Etablerertenesten i regionen er lagt til Vest-Telemark Næringsutvikling i Kviteseid. Tenesten gjev rettleiing i samband med etablering av ny verksemd. Det vert gjeve informasjon om korleis ein etablerer ny verksemd, kva som finst av stønadsordningar, kva selskapsform som er aktuell, kva som trengst av mogleg naudsynt autorisasjon osv. I 2008 var det 86 etablererar som gjorde seg nytte av desse tenestene.*

*I tillegg har fleire av kommunane rådgeving lokalt. Den regionale etablerertenesten i Vest-Telemark blir finansiert av Telemark fylkeskommune/Innovasjon Norge, Fellesfondet og NAV. Administrativ rapportering går via Innovasjon Norge.*

*Kulturlandskapsenteret i Telemark ligg i Hjartdal og er ein møtestad og eit nettverk for kunnskap og arbeid med kulturlandskap i kommunane. Visjonen er å fremme miljøverdiar knytt til aktivt landbruk og vise kva for moglegheiter som ligg i å nytte kulturlandskapet som grunnlag for verdiskaping og felles innsats i bygdesamfunna.*

#### **Styrke samarbeidet mellom regionalt og lokalt næringsapparat.**

*Eitt av tiltaka i næringsplanen går på vitalisering av næringsapparatet. Telemarkforskning har utarbeidd ein rapport om korleis næringsapparatet i regionen kan vitaliserast og korleis ein kan styrke samarbeidet mellom lokalt og regionalt næringsapparat. Rapporten vart handsama i Vest-Telemarkrådet og i dei fleste kommunane. Konklusjonen frå kommunehøyringa var at ein ikkje ynskte overføring av kommunale personalressursar til regionalt nivå, men at ein ynskte eit sterkare samarbeid innan regionen, og med koordinering gjennom VTNU. Dette koordineringsansvaret har VTNU teke på seg og vil i tida som kjem vidareutvikle samarbeidet om næringsutvikling i Vest-Telemark.*

**Mål 4 E 134 og Riksveg 36 held fram som det viktigaste hovudsambandet mellom aust og vest. Utvikle potensiale i Telemarksvegen (riksveg 41), som viktig korridor mot sør og kontinentet. Etablere ny infrastruktur for kommunikasjon.**

**Samarbeid med Haukelivegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen, Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar.**

*Vest-Telemarkrådet samarbeider med ei rekkje grupperingar når det gjeld infrastruktur:*

***AS Haukelivegen** er ein interesseorganisasjon som arbeider for utbygging og standardheving av E 134 og viktige sidegreiner til denne. I styret for selskapet sit representantar frå kommunane langs vegen samt dei 3 fylkeskommunane. Selskapet spelar ei aktiv rolle i høve til planlegging og påverknad på så vel politisk som administrativt plan.*

***Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36** er samansett av representantar frå regionane og Telemark fylkeskommune. Gruppa vart danna i 2000 og har som føremål å påverke planlegging og finansiering av konkrete utbyggingsprosjekt på E 134 og Rv 36 i Telemark. Arbeidsgruppa har mellom anna arbeidd aktivt for å få til utbygging av delstrekningar på E 134 og Rv 36 ved hjelp av bompengefinansiering.*

***Rv 41 Telemarksvegen** er eit samarbeid mellom dei 6 kommunane langs Rv 4. Viktige arbeidsoppgåverfor gruppa er å legge til rette for Rv 41 som opplevingsveg. Det vert arbeidd med å få til ei gjennomgåande sykkelrute frå Kristiansand til Vrådal. Delar av denne går på nedlagte jernbanetraséar mellom Åmli og Treungen. I samband med regionreformen har Rv 41 fått riksvegstatus og vil såleis fortsatt vera staten sitt ansvar. Det er nyleg valt ei arbeidsgruppe i vår region som skal organisere tiltak på Rv 41 for å utvikle denne som korridor mot sør og kontinentet.*

***Vest-Telemark Næringsforum** er ei næringspolitisk medlemsforeining og ein møteplass for å fremje kompetanse og nettverksbygging mellom dei private verksemdene i Vest-Telemark. Foreininga har i dag omlag 100 medlemmer innan enkeltmannsføretak, verksemder/selskap, rådgjevingsmiljø, forskning, bankar og organisasjonar i Vest-Telemark. Verksemda fungerer som talerøyr for næringslivet i regionen, og har mellom anna engasjert seg i å styrkje samarbeidet i regionen, samferdselsspørsmål, kapitaltilgang m.m.*

**Arbeide mot sentrale styresmakter spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og vurdere bruken av ressursar.**

*Forslag til nasjonal Transportplan 2010 – 2019 vart lagt fram for Stortinget 13. mars 2009. For Telemark inneheld NTP 2010 – 2019 fleire viktige prosjekt og legg føringar for framtidig utbygging. Århus – Gvammen startar opp som statleg finansierte prosjekt i fyrste del av planperioden med fullføring i siste del. Det same gjer gjennomføringa av E 134 gjennom Kongsberg. Det er lagt føringar for nye tunnellar på Haukelifjell og forbi Røldal i andre del av planperioden, og det same gjeld utbetring langs Stordalsvatnet i Etne. I andre del av planperioden kjem også tunnel under Boknafjorden (Rogfast) under føresetnad av delvis bompengefinansiering.*

*Det ligg såleis an til å bli realisert fleire store prosjekt både i og utanfor Telemark, og fylket vårt har fått god uttelling etter intern semje, godt informasjonsarbeid og solid påverknadsarbeid utført av ei rekkje personar/organisasjonar.*

### **Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt.**

#### **Brukarfinansiering av 3 delstrekningar på E134 og Rv36.**

Det er løyvd midlar frå Vest-Telemark, Midt-Telemark og AS Haukelivegen til planleggingarbeid i høve til mogleg brukarfinansiering av dei 3 delparsellane: Åmot – Seljord på E 134, Gvarv – Slåttekåstunnelen på Rv 36 og Seljord – Sjørmporten på Rv 36. Planarbeidet er starta opp, og det er Statens vegvesen som står for dette. Arbeidet vil, etter at ein er gjennom dei naudsynte politiske prosessane, danne grunnlaget for endelege forslag til bompengvedtak. Stortinget har den endelege godkjenninga i slike saker men er ikkje avhengig av Nasjonal Transportplan sidan det er tale om 100 % bompengefinansiering.

#### **Bompengeselskap.**

Telemark fylkeskommune, saman med kommunane Nome, Sauherad, Bø, Seljord, Kviteseid, Tokke, Vinje og Hjartdal har gjort formelle vedtak om å opprette eit bompengeselskap for finansiering av utbyggingsprosjekt på E134 og Rv36 i Telemark. Selskapet har namnet " E 134 og Rv 36 Telemark AS" og har forretningsadresse i Skien.

### **Sikre full utbygging av breiband i regionen.**

Det er investert meir enn 30 millionar kroner i breibandutbygging i regionen dei siste åra i form av RDA-midlar og innsats frå dei ulike kraftlaga. I tillegg har ein fått 2,5 millionar kroner i HØYKOM-midlar frå Staten. Desse midlane er no nytta som planlagt og ein er i hovudsak ferdig med arbeidet. Slutføring av breibandutbygginga skjer samordna i regi av Telemark fylkeskommune. Det har kome ny løyving frå HØYKOM og frå KR D med føresetnad at ein får på plass også den lokale finansieringa. Med unntak av Hjartdal vil denne utbygginga vera fullført i løpet av 2008. For Hjartdal vil ein også måtte nytte fyrste halvår 2009. Målet for utbygginga er 100 % dekning til fastbuande i regionen. I tillegg har ein fått med utbygging fram til mange hytteområde.

### **Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett.**

I samarbeid med fylkeskommunen og andre kommunar i Telemark har Vest-Telemark Næringsutvikling arbeidd med å kartlegge område med dårleg mobildekning. Det viser seg å vera liten kommersiell interesse for utbygging, og ein vil no prøve ut alternative modellar.

### **Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell.**

Selskapet Norsk Bane AS har vore ein pionér innan arbeidet med høgfartsbane i Noreg og arbeider for realisering av Haukelibanen.

I ei fersk utgreiing slår Deutsche Bahn fast at høgfartsbane over Haukelifjell har større samfunnsnytte enn tidlegare påvist og at denne har best lønsemd av dei alternativa som er utgreidd. Dette vert no spela inn i samband med handsaminga av NTP i Stortinget.